



## Statens vegvesen

SAMNANGER KOMMUNE  
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:  
23/119499-2

Dykkar referanse: 23/480/23/6426/3/JEB  
Vår dato: 29.06.2023

### Svar – Planprogram til høyring og offentlig ettersyn – Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035 – Samnanger kommune

Vi viser til brev i frå Samnanger kommune av 22.06.23 med oversending av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Planprogrammet gjev ein informativ oversikt over nasjonale, regional og lokale føringar og siktemål for samfunnsdelen. Derneft legg planprogrammet opp ulike punkt som det er trong for vidare arbeidet med og utgreiing. Her står klima og klimatilpassing sentralt, saman med mellom anna næringsutvikling og arealstrategi, samt helse og omsorg og oppvekst.

Statens vegvesen vurderer at areal og næringsutvikling heng nært saman med klima og samferdsel. Truleg hadde planprogrammet stått endå sterkare med ein eigen bolk som omhandla samferdsel og korleis ein ser for seg at dette skal utviklast i kommunen for framtida på ein trygg og miljømessig måte. I tillegg til lokal infrastruktur har kommunen gjennomgåande trafikk til og frå Bergen frå Hardangerområdet. Det er viktig med fokus på kvar ein plasser nye bustadområde i høve til skule og oppvekst og næringsareal, slik at ein i framtida totalt for mindre trong for transport og dermed truleg også eit mindre klimaavtrykk. Samfunnsdelen må ha eit særleg fokus på trygg ferdslé for alle trafikantar, spesielt skuleveg. Det må vurderast korleis plassering av nye arbeidsplassar og bustadområde kan realiserast, samstundes som ein legg til rette for meir miljøvenleg

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

transport slik som ved bruk av kollektiv, sykkel og gange, noko Nasjonal transportplan legg opp til.

I kapittel 4 er det satt opp punkt der kommunen vurderer at det er trong for utgreiing. Dette gjeld demografi, bustadanalyse, næringsanalyse og senterstruktur. Alle desse tema involverer i større eller mindre grad samferdsel. Vi vurderer at samferdsel burde vore ein eigen bolk her, med fokus på miljø og mjuke trafikantar, all den tid samferdsle grip inn i alle dei områda ein ønskjer å utgreie og som skal stå sentralt i samfunnsdelen til kommunen.

Statens vegvesen ønskjer lukke til med arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Transport – vest/Transportforvaltning Vest 3  
Med helsing

Ingelin Garen  
Fungerande seksjonsleiar

Sigmund Bødal  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN